

Referat møte mellom ungdomsråd og politikarar 31.5.23

Til stades Bømlo ungdomsråd: Bjarthe Notland Tjensvoll, Eirik Nitter, Emilie Engseth Nyhammer, Marianne Steinsvåg Tollaksvik, Sofie Søvik og Ingeborg Ervik Strand

Til stades politikarar: Ragnfrid Sønstabø (Høgre), Siv Linda Vespestad (Ap), Morten Helland og Birgit Esperø (KrF), Arne Zahl-Røksund (SV), Anne T Johannessen og Frode Urangsæter (FrP)

Til stades ressurspersonar: Lene Borgen Waage

I tillegg var Bømlo-nytt til stades, samt medforskarar i prosjektet Unges mulighet til å medverka (Tuva Lodden og Karina Kallevåg).

Innleiing U + MxV (Ung medvirkning)

Tuva Lodden og Karina Kallevåg har vore medforskarar i prosjektet. Dei presenterte dei viktigste funna frå Bømlo



Prosjektet U+MxV



- Målet med prosjektet: kartlegga korleis ung medverknad føregår i norske kommunar, og samtidig bidra til å styrka medverknadsprosessar i arbeidet for å fremja gode oppvekstvilkår, og gi anbefalingar for utvikling av modellar for medverknad
- Forskarar frå AFI, NOVA, ISF, oppdrag frå BUFDIR
- Bømlo ein av seks kommunar: Færder, Vefsn, Tromsø, Fredrikstad, Tromsø, Våler i Solør og Bømlo
- 2 unge medforskarar frå Bømlo

Medforskarrolla


- Ny og relevant kunnskap
- Intervju og observasjon av politikarar, eldsjeler og ungdom på Bømlo
- Analyseworkshop saman med forskarane, medforskarane og andre ressurspersonar (Bufdir, Redd barna)

=rapport om ung medverknad




Kvifor akkurat Bømlo?

Aktiv i sin bruk av Ungdata-undersøkinga
Har pågåande medverknadsprosessar der ungdom er involvert (Ungdommen ved roret, ABCD-metodikk)
Viser ein openheit for tverrfagleg samarbeid og innovasjon på feltet
Mellomstor kommune
Plassert vest i Noreg



Kva er ung medverknad?



Fortelja tilbake til dei som kom med innspel. Kva gjorde vi? Kvifor/kvifor ikkje?

Ta innspela på alvor

Kvifor ung medverknad?

- Gir eigarskap og legitimitet rundt kommunens politikk
- Kan vera med på å redusere fråflytting blant ungdom/unge vaksne
- Ungdom får eit eigarskap om dei får vera med å påverka eit resultat
- Ungdom sitt med mange gode ideer, men treng hjelp til å få dei ut og setja dei i verk

Utfordringar med ung medverknad på Bømlo

- «Dei som sliter med skulefråvær, er ikkje med i verken elevråd, MOT eller Løp for livet. Stemma deira kjem ikkje fram.» - Vaksen i Bømlo kommune
- «Du vert veldig attraktiv når du er engasjert» - Ungdom i Bømlo kommune
- «Me vaksne jattar mykje med.» - Vaksen i Bømlo kommune
- Ungdomsrådet opplever at suksessen deira er ildsjel-basert og kan falle tilbake dersom ungdomsrådet mister ressurspersonen sin.

Kva fungerer godt i Bømlo kommune?

- Politisk fadder for ungdomsrådet
- Oppstartssamling for ungdomsrådet

Kva er ungdom på Bømlo oppteken av?

- «Ønsker ein plass å vera, ikkje nødvendigvis ein plass å gjera.»
- Ungdommen manglar ein plass der dei kan utfalda sine egne interesser og vera sosiale, og spesielt manglar dei samlingsarenaer som ikkje er religiøse.
- Kollektiv transport
- Psykisk helse
- Ikkje undervurder ungdom, dei er typisk opptatt av krevjande saker som ikkje nødvendigvis har enkle løysingar.

Kva er viktig framover for ungdomsrådet?

- Det bør arbeidast for å styrka kommunikasjonen mellom ungdom som sit i ungdomsrådet og resten av ungdommene i kommunen. Gjensidig kommunikasjon mellom ungdommane kan vera givande for alle partar.

Kva er viktig framover for politikarane?

- Medverktinga er i dag avhengig av enkeltpersoner. Me anbefalte at medverktingsprosessane må inn i kommunen sine systemer og prosedyrar, kanskje til og med inn i tilsettes stillingskårtidningar. Medverking må bli ein heilt naturleg del av kommunedriften.
- GI ungdomsrådet mogleighet til å vera tidlig inne, lafta egne saker, bli inkludert i budsjett- og plansaker og etablere formelle kontaktflater mot unge generer.
- Det må vera ein tydeleg og open dialog mellom ungdomsrådet og politikarar, i tillegg til administrasjon. Dette handtar om at ungdommen må få tilbakemelding på sine innspel og saker dei jobber med, både slik at dei skal få ei større forståing for kvifor eller kvifor ikkje innspela delras vert teke med, og forstå meir av beslutningsprosessane i eigen kommune. Dette vil skapa meir trutt blant politikarane, som framleis vil få meir trutt til at ungdommen kan gje meir ansvar i beslutningsprosessar.

Ta til dåke innspel og erfaring frå ungdommen, så kan me saman arbeida med å utvikla ein inkluderande og framtidsetta kommune!

Lykke til!

Rapporten i sin heilskap er tilgjengeleg på nett: <https://hdl.handle.net/11250/3058172>

Presentasjon Bømlo ungdomsråd

Leiar for Bømlo ungdomsråd presenterte kort kva som har vore viktig for ungdomsrådet dette skuleåret:

God samhandling i Bømlo

Bakgrunnen

"Deltageløstappen"
Klausen et al, 2013

Ungdommen ved roret

Oppdaga
 • Kartleggja ressursar og finne prosjektidear barn og unge engasjerer seg i!

Kopla: Frå idéar til prosjekt
 • Kva kan ungdommane gjera?
 • Kva ressursar har de å spela på?

Rekruttera og skapa breitt eigarskap
 • Rekrutteringsvideoar
 • Måretta rekruttering



Foto: Lene Borgen Waage, Alf Helge Greakar og Magnus Mjeman

Viktig i oppstarten

- Bli kjent med og trygge på kvarandre
- Få vita kva ungdommane bryr seg om så mykje at me vil gjera noko med det
- Kunnskap om metodar og ressursar




Bli kjent

- Gå saman to og to og skulle finne to andre som ein ikkje kjenner – etterkvart slo denne gruppa seg saman med ei anna
- Bli-kjent-spørsmål
- Vis fram og fortel om ein ting du er stolt av eller som er viktig for deg
- Reflektere over dilemma om barrierer for deltaking (ALLEMED)



Open space

- Kva bryr du deg om så mykje at du vil gjera noko med det?
- Sitte i ring, går fram ein og ein og skriv på post it
- Lagar grupper rundt felles tema



Oppdaga
 • Kartleggja ressursar og finne prosjektidear barn og unge engasjerer seg i!

Kopla: Frå idéar til prosjekt
 • Kva kan ungdommane gjera sjølve?
 • Kva ressursar har barn og unge å spela på?

Rekruttera og skapa breitt eigarskap
 • Gjera prosjekta kjent
 • Måretta rekruttering

Skapa og formidla resultat
 • Kortsiktige og langsiktige milepølar
 • Synleggjere prosess og resultat

Skapa og formidla resultat på kort og lang sikt

Møteplassar for ungdommar og Gamle BUS

Fritidsaktivitetar der alle kan vera med

Psykisk og seksuell helse

Kollektivtransport

Innspeil til skulen



Q & A: Grillfest

Bømlo ungdomsråd hadde førebudd spørsmål for dei ulike temaa som ungdomsrådet har jobba med dette året.

Møteplassar for ungdommar og Gamle BUS

- **For ditt parti: Korleis ser Gamle BUS ut om fem år?**

AP: Viktig med rapport som seier om ein bør riva. Bør vera eit samlingsareal for alle generasjonar. Viktig for å knyte sentrum saman.

H: Bør restaurerast. Delar av plassen bør bli skatepark + bruke til andre lag og organisasjonar – viktig for å knyte sentrum saman.

KrF: Viktig som levande bygg. Kan vera eit oppvekstsenter for alle generasjonar – tenester for barn og unge og alle. Ein gangstig som knyt sentrum saman. Viktig med både ute og inne.

SV: Vil rehabilitera: Ungdom, Nyving, basen – alle generasjonar. Fellesskap som knyter sentrum saman.

FrP: Vil selja tomte, men leggja føringar for kva me ønskjer tomte brukt til, som t.d. hotell og aktivitetspark.

- **For ungdom er det viktig å ha ein møteplass som ikkje er knytta opp mot religion. På kva måte vil de jobba for dette?**

KrF: Også religiøse møteplassar er bra, men uansett viktig for oss å leggja til rette for ulike aktivitetar – for det er aktivitetar som skapar møteplassar.

FrP: Aktivitetspark er viktig – der kan ein ha mykje forskjellig

H: Ønskjer å fortsetja å bruka gamle BUS. Me skal støtte opp med midlar, de må komma med behov.

SV: Uorganisert trening er viktig. Opne fleirbrukshallar. Felles uteområde i alle delkrinsar

AP: Leggja til rette for aktivitet i heile kommune – denne skapast i lag.

Fritidsaktivitetar for alle

- **Korleis vil ditt parti jobbe for at alle kan vera med på fritidsaktivitetar?**

H: Utvida fritidskortet

FrP: Me er for fritidskortet. Vil også jobba for betre kollektivtilbod. BUA er også viktig – vil ha betre opningstider her

AP: Friplassar i kulturskulen, aktivitetar i bygdene, leggja til rette for at folk kan delta

SV: Skapa moglegheiter for møteplassar. Jobba opp mot fylkespolitikarar og skyss. Fritidskortet

KrF: Glad for at alle har forstått kor viktig fritidskortet er. Det er viktig for KrF også framover. Aktivitet spreidd utover heile kommunen. Vil opne skulane.

Psykisk og seksuell helse

- **Kva tenkjer dykkar parti om gratis bind og tampongar i skulen (slik ein har på vidaregåande)**

AP: Dette har me ikkje tatt standpunkt til

H: Fint det blir løfta fram, flott tiltak som me bør kunne få til

KrF: I fylket var det KrF som kjempa fram dette. Har ikkje drøfta det lokalt, men bør jobbast for å få til

SV: Har ikkje tatt det med, men vil jobba for å få til

FrP: Støtter opp om dette, burde vore oppe

- **Er ditt parti for å ta den ekstra kostnaden ved å ha psykologar på skulen?**

KrF: Psykolog på skulen er bra, men treng ikkje nødvendigvis vera på skulen, så lenge vegen er kort via helsesjukepleier

AP: Støttar – har også løfta frå Nyving

FrP: Deler KrF sitt syn – må jobbast inn i budsjett over tid

SV: Jobbar for styrking av skulehelsetenestene – vil heller det enn å kutta i eigedomsskatt

H: Ønskjer å satsa på næringslivet for å auka inntektene. Ser ei auke i unge som slit – førebygging er alfa og omega

- **Kva er dykkar tankar om det aukande rusproblemet blant unge på Bømlo?**

FrP: Svært bekymra for rusproblematikken

SV: Bekymringsverdig

KrF: Er eit riksdekkjande problem. Legalisering er negativt. Må gjera noko.

H: Like bekymra – oppteken av kvifor ungdom rusar seg.

AP: Deler bekymringa. Viktig å skapa aktivitetar og dialog med vaksne.

- **Korleis vil dykkar parti jobbe mot dette?**

KrF: Skapa rusfrie soner. Heie på kvite månader. Jobba for Bømlo som Av-og-til-kommune

H: Spela på lag med ungdommane. Helsetenester – rask behandling

FrP: Synleggjera og spreie kunnskap om faren ved bruk av illegale midlar

AP: Skapa aktivitet. Samarbeid heim-skule. Foreldre – elev-dialog. Tilgjengelege vaksne.

SV: Heng saman med psykisk helse. Det er eit høgt press, med mange som slit

Kollektivtransport

- **Ønskjer ditt parti å leggja til rette for alternative transportløyningar og korleis?**

AP: For mindre, førarlose, bussar

H: Mindre, førarlose, bussar – appstyrte ringetenester

KrF: Skyss har erfaringar med Hent meg-app. Må jobbe mot fylket.

SV: Må finne andre løysingar enn buss. Jobba mot fylkespolitikarar

FrP: Hent meg – app

Skule

- **Kva type undervisningsmateriell vil de leggja opp til å bruka i skulen?**

FrP: Må vera ein miks. Regionale føringar og krav

SV: Må ha bøker, nynorskressursar. Alle fag treng ikkje vera så teoretiske

KrF: Miks. Digitale ressursar må ikkje vera trykte bøker på nett.

H: Einig med KrF. Ungdomsskulereform blir viktig. Må ha materiell for praktiske fag.

AP: God miks. Nynorske læringsressursar. Praktiske fag er viktig.

- **Kva er dykkar tanke om mobilfri skule?**

AP: Vil ikkje setja generelt forbod, men avhengig av at det blir laga føringar. Pausar er viktig.

H: Ønskjer ikkje forbod, men at dei ulike rektorane bestemmer

KrF: Ikkje forbod, men lokale føringar. Men viktig med bevisstheit om korleis me brukar mobilen og fremjar sosial kompetanse.

SV: Kvar enkelt skule må ha sin plan

FrP: Viktig med mobilfrie periodar og gode retningsliner ved skulane.

Kvifor skal unge velgjarar velje dykkar parti?

FrP: Vil leggja gode forhold til rette for å fullføra skulen

SV: Natur, klima er viktige sakar. Likeverd for alle seksuelle legningar. Skulepolitikk. Leksefri

KrF: Partiet vårt vil ta val på barn og unge sine premiss. Framtida blir betre då. Fritidskortet.

H: Moglegheiter for alle. Fritidskortet. Enkeltmennesket

AP: Sosialdemokratisk parti. Ressursar til skulen. Aktivitet i heile kommunen.

Korleis kan me jobba for inkluderande ungdomsrådsarbeid?

SV: Programfesta at me vil styrka ungdomsråda. Stemmerett for 16-åringar. Anonyme tilbakemeldingar/spørjeundersøkingar er viktige.

H: Har velfungerande ungdomsråd. Jobba for at ein brukar taleretten. Viktig at ungdomsrådet lobbyerer. Engasjement for at folk flyttar heim igjen.

FrP: Trekke med i andre fora – må vera synlege. Utfordra ungdomsrådsrepresentantane på å ta med ein deltakar som ikkje er med.

AP: Programfesta at ungdomsrådsarbeid skal styrkast. Inkludera i fora som jobbar fram sakar. Elevundersøkinga og ungdata bør brukast aktivt. Helsesjukepleiarane har viktig informasjon.

KrF: Vil styrka ungdomsrådet. Også jobba for dei som ikkje blir høyrte. Ungdata er viktig for å få stemma inn. Ambassadørar for arbeidet.

Gamle BUS

Avslutningsvis viste ungdomsrådet rundt på Vaktmesterbustaden på Gamle BUS og ein hadde ein kort dialog om kva som blir viktig vidare i det prosjektet.